

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

ÅRSRAPPORTAR FRÅ SAMLINGANE

2014

Målføresamlinga
Det norrøne arkivet ved LLE
Stadnamnsamlinga
Teaterarkivet

Årsrapport for målføresamlinga ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) ved Universitetet i Bergen

[Målføresamlinga ved LLE](#) inneheld først og fremst materiale frå Vestlandet, det vil seie dei fire fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Samlinga omfattar først og fremst hand- og maskinskrivne oppskrifter av ymse slag, ordsamlingar, og lydopptak. I dag omfattar oppskriftene ca. 10 000 sider med opplysningar og dialektanalysar. Ordsamlinga er på i alt 428 000 ord, og lydopptaka utgjer ca. 2000 timar frå tidleg på 1950-talet til vår tid.

Finansiering

Det er knytt ei kvart arkivarstilling til samlinga. Av hovudstillinga til fagleg leiar er 23,5 % sett av til arkivarbeid, førebels fram til utgangen av 2018. Samlinga mottar ei årleg grunnløyving frå instituttet på 23.000,-. Prosjektfinansieringa frå LIA-prosjektet, sjå nedanfor, var på 667.477,- i 2014. Dette skal dekke ei halv forskarstilling og transkribørar i mindre stillingsbrøkar.

Personale

Professor Gjert Kristoffersen etterfølgde professor Gunnstein Akselberg som fagleg leiar 1.1.2014. Arkivar er førstekonsulent Jarle Halveg. Frå 1.8.2014 har han hatt delvis permisjon frå stillinga, slik at han i haustsemestret har hatt ei 5 % stilling knytt til samlinga. I den ledige 15 %-ressursen har forskar Bente Selback vore tilsett i mellombels stilling. Ho er også tilsett i halv stilling som forskar ved LIA-prosjektet. Her er i tillegg Maria-Rosa Doublet, Even Melheim Mulelid og Silje-Marie Sandnes tilsett som transkribørar i 20 % stillingsbrøkar. Dei byrja alle i stillingane sine ca. 15.8.

Fagleg verksemd i 2014

LIA-prosjektet

Instituttet er partner i det NFR-finansierte infrastrukturprosjektet [Language Infrastructure made Accessible](#) (LIA), leia av Universitetet i Oslo. Målet med prosjektet, som er femårig og har ei total ramme på ca. 27 mill., er å digitalisere eldre, analoge talemålsopptak frå alle delar av Noreg, og deretter transkribere dei slik at dei blir søkbare. Resultatet skal bli ein nasjonal infrastruktur for talemålsforskning.

Digitaliseringa blir gjort ved Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana, transkripsjonen ved dei ulike partnerinstitusjonane. Originalane vil bli lagra ved Nasjonalbiblioteket etter at dei er digitalisert. Til no er ca. 600 av ca. 1000 lydbandopptak frå vår samling sende til Mo. Etter dei kjem kassettopptaka.

Talebanken og talemålsprosjekta ved LLE

[Talebanken](#) er ein lokal forskingsinfrastruktur utvikla under dei to NFR-finansierte prosjekta [Dialektendringsprosessar](#) og [Språkutvikling på industristader](#) i samarbeid med UNI Digital. Målføresamlinga er ikkje direkte involvert i dette arbeidet, men mange av dei nyare talemålsopptaka i samlinga er samla inn i regi av dei to prosjekta, og seinare transkribert og lagt inn i Talebanken for vidare analyse der. Dette gjeld også opptak gjort på 1970- og 1980-talet.

Digitalisering av manuskriptmaterialet

I 2014 har vi også førebudd digitalisering av den skriftlege delen av samlinga, som til saman utgjer ca. 10.000 sider med ymse innhald. Vi har avtalt med UB at vi får bruke deira utstyr. Finansiering skjer gjennom den mellombelse stillinga Bente Selback har ved målføresamlinga, sjå ovanfor. Sjølve arbeidet tar til i januar 2015.

Redigering av dialektordbok frå Fusa

Når andre oppgåver tillèt det, arbeider Jarle Halveg med å redigere eit ordboksmanuskript frå Fusa i samarbeid med kulturkontoret i Fusa kommune.

Bergen 14. januar 2015

Gjert Kristoffersen

Det norrøne arkivet ved LLE

Årsrapport 2014

Arkivansvarleg: Odd Einar Haugen

Bakgrunn

Etter vedtak i instituttrådet ved Nordisk institutt 30.03.2007 fekk underteikna ansvar for den vidare drifta av arkivet, og kompensasjonen for dette ansvaret vart fastsett til den same som for dei andre arkivansvarlege, dvs. 25 % av ei full stilling. Denne ordninga vart gjeldande frå 01.07.2007. Det vart fastsett ei driftsløyving som i første omgang skulle vere på 25.000 kr i året.

Rapport for arbeidet i 2014

I praksis har det meste av arkivarbeidet vore kanalisert gjennom dei to nettverka *Medieval Nordic Text Archive* (<http://www.menota.org>) og *Medieval Unicode Font Initiative* (<http://www.mufi.info>). Underteikna har leia begge desse nettverka sidan 2001.

1 Digitale faksimilar av norrøne handskrifter

Til bruk for prosjektet *Antico Nordico* (eit samarbeidsprosjekt med ei gruppe italienske kollegaer), kapittelet om gammalnorsk i bd. 4 av nye språkhistoria ved Helge Sandøy og Agnete Nesse, og til undervisning på kurset NOFI110 og komande kurs av denne typen har underteikna bestilt inn fotografiske faksimilar frå desse handskriftene:

- ... Cambridge, University Library, Add 3827, 1 (totalt 2 faksimilar)
 - ... København, Den Arnamagnæanske Samling, AM 655 IX 4to, AM 243 b a fol og AM 748 I 4to (totalt 9 faksimilar)
- ... København, Det Kongelige Bibliotek, NKS 66 8vo (totalt 2 faksimilar)
- ... Reykjavík, Stofnun Árna Magnússonar, AM 133 fol og GKS 1005 fol (totalt 2 faksimilar)
- ... Stockholm, Kungliga biblioteket, Holm B 64, Holm perg 6 fol (totalt 3 faksimilar)
- ... Uppsala, Universitetsbiblioteket, DG 4–7, DG 8 II og DG 11 (totalt 10 faksimilar)

Prisen varierer noko frå arkiv til arkiv, men ligg gjennomgåande på NOK 500 per faksimile for høgste kvalitet (300 dpi og over).

2 Utarbeiding av retningslinjer for annotasjon av gammalnorske tekstar

– Saman med Fartein Th. Øverland har underteikna utarbeidd retningslinjer for morfologisk og syntaktisk annotasjon av gammalnorske tekstar, i norsk og i engelsk parallellutgåve (230 sider). Retningslinjene vart reviderte på ei rekkje punkt gjennom 2014 inntil redaksjonen vart avslutta 1. oktober i år. Dei er no utgjevne i serien *Bergen Linguistic and Literary Studies* (BeLLS):

<https://bells.uib.no/bells/issue/view/157> | <https://bells.uib.no/bells/issue/view/158>

Retningslinjene vart presenterte av underteikna på eit møte i Vitterhetsakademien, Stockholm, 6. november 2014. Presentasjonen ligg her:

<https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Arkivmateriale/Syntakshistorie-2014-v3.pdf>

3 Møteverksemd

– Løyvinga til arkivet har gjort det mogleg for underteikna å møte på (og leie) rådsmøtet i Menota, København 22. aug. 2014. Referat frå dette møtet ligg her:

http://www.menota.org/DOK_RaadsReferat2014-08-22.xml

– Også andre faglege reiser har vore dekt over budsjettet, først og fremst ei arbeidsreise til Italia i slutten av november 2014 for eit møte i prosjektet *Antico Nordico*. Referat frå dette møtet ligg her:

<https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Arkivmateriale/AnticoNordico-Meeting-2014-11-26.pdf>

4 Domenenamn

– Løyvingane til arkivet har gjort det mogleg å halde opp desse domenenamna:
www.menota.org | www.mufo.info

5 Tildeling til arkivet i 2014

– Instituttet gav arkivet 23.000 kr til drift i 2014. Det ligg ikkje føre noko brev om denne tildelinga, men summen går fram av dei oversiktene som Liv Mørch frå tid til anna sender ut. Denne løyvinga vart brukt nesten fullstendig i 2014, men det er ikkje mogleg å gje ein nøyaktig sum så lenge rekneskapen ikkje er avslutta ved LLE. Analysenummeret for arkivet er 21 72 21.

I rapporten for 2013 skreiv eg at summen til drifta av arkivet med fordel kunne setjast opp til minst det gamle nivået, no som den økonomiske situasjonen har betra seg. Som nemnt var løyvinga til arkivet opphavleg 25.000 kr.

Bergen, 15. desember 2014,



Kort rapport for Stadnamnsamlinga, LLÉ, 2014

Kjell Erik Steinbru har arbeidet mot timebetaling ca. 175 timer. I hovedsak har han stått for bearbeiding av innsamlet materiale fra kommunene Tysnes, Osterøy, Bømlo og Lindås. Dessuten har han lagt til rette materiale for utlegging på stedsnavnbasen Hordanamn

UniComputing har forestått et meget omfattende datateknisk arbeid med databasen Hordanamn. Videre har søkeprogrammet til denne basen blitt forbedret og en god del arbeidstid har gått med til gjenoppretting av den gamle nettsiden (tekstbasen).

I tidsrommet 1. oktober til 31. desember har cand. philol. Janne Sønnesyn arbeidet to dager i uken med innskriving og arkivering av nyinnkommet materiale, samt opprydding i arkivet.

Arkivar , cand. philol. Jarle Halveg har i tiden fram til 1. august hatt sitt vanlige arkivarbeid (25 % stilling) for Stadnamnsamlinga, i andre halvår bare 12,5 %.

Pensjonist Johannessen har hatt et overordnet ansvar for virksomheten knyttet til Stadnamnsamlinga.

Bergen 20012014



Ole-Jørgen Johannessen

Årsmelding 2014.

Teaterarkivet

Størstedelen av arkivet er nå flyttet fra Sydneplass til HF bygget. En del viktig materiale ligger igjen, men vil bli flyttet og lagt i safe.

Teaterarkivet er aktivt i bruk av forskere fra inn- og utland. Dette medfører en god del veiledning og tilrettelegging av materiale. Arkivet er også besøkt av kunstnere og forfattere.

Det samarbeides med Nasjonalbiblioteket om bilder og annet materiale. Besøk fra Ibsen-senteret med foredrag for studenter fra UiO.

Ibsen-databasen i samarbeid med UiO er i sin avslutningsfase.

Det er stor pågang fra norske teatre om lån av manuskripter. DNS avgir fremdeles regi- inspisient- og sufflørmanus. Disse registreres og arkiveres. DNS sin korrespondanse flyttes fra permer til syrefrie omslag i bokser, fortsetter.

Gaver:

Teaterarkivet har mottatt tidligere teatersjef ved Hordaland teater, Vera Rostin Wexelsens manuskriptsamling.

Studenter har i økende grad begynt å benytte seg av Teaterarkivet og i den forbindelse har presset på arbeidet i arkivet økt.

Det er fremdeles behov for ressurser til å digitalisere samlingene, spesielt den eldre delen. En kan i praksis snakke om en digital konservering og publisering som vil øke utbyttet av det verdifulle materialet som Teaterarkivet rår over.

Tor Trolie

19.01.2015.